

KMU-møte nr.1/ 2024

Jondal kyrkjelydskontor, 22.april 2024, kl.17-18

Frammøte: Åse Marit Jørgensen, Ida Sofie Holmen og Anne Karin Stormyr

Velkomst. Litt info om tidlegare arbeid og oppgåvene til KMU

- 1) Kyrkjemusikkplan - Vi føresler å behalde planen som han er, berre med små oppdaterte endringar jamfør koraktiviteten. Elles må kapittelet som gjeld samarbeid kyrkje/ skule avklarast. Anne Karin tek ny kontakt med skulen innan utgongen av april, for å høyre om det samarbeidet som er nemnt i planen frå 2012 kan halde fram slik det står i planen, eller om det trengs endringar.
- 2) Salmekveldar. Vi legg opp til salmekveldar ein gong i månaden tysdagar kl.18.45 også til hausten. Åse Marit og Ida Sofie tek ansvar for to salmekveldar saman.
- 3) Familiekonsert med Solstråla i juni: På Solstråla sin familiekonsert som no truleg blir 10/6 (eller evt. måndagen etter) vert Ida Sofie med både som solist på eit par songar og som akkompangnatør til koret på gitar på nokon songar.
- 4) Hovland i 100. Søndag 3.november har Jondal Grendakor søkt om midlar frå Aktivitetetsmidlar for kor til prosjektet Hovland i 100. Det vert ein konsert med både Solstråla, Jondal Grendakor og fleire- der Egil Hovland sin musikk står i fokus, både Måne og sol, bibelspel og til motettar, orgelmusikk med meir av Egil Hovland, som vi feirar 100års jubileum for dette året.
- 5) Ulike aktuelle korprosjekt som kan vare ei helg, eit par øvingar, eller over lengre tid?
-17.mai kor - eit par øvingar - så deltaking på 17.mai-gudstenesta i Jondal kyrkje?
-Gospelkor-prosjekt - eit helgeseminar og deltaking på gudsteneste eller konsert, eller over ein definert periode som landar i ein gospelkonsert?
-Julekor-prosjekt til 1.juledag og evt. til medverknad på adventskonserten 3.søndag i advent?

Referat v/Anne Karin Stormyr, måndag 22.04.2024